

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	01.04.2022
Vår referanse	2022/1713-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	John Anton Gladso
E-post	John.Anton.Gladso@vlfk.no
Telefon	48225890

Fråsegn til søknad om dispensasjon frå manøvreringsreglementet for Eiriksdal og Makkoren kraftverk - Høyanger kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå manøvreringsreglementet for Eiriksdal og Makkoren kraftverk mottatt 14.03.2022.

Statkraft AS søker om dispensasjon frå manøvreringsreglementet i ei veke i mai/juni 2022. I denne perioden kan Statkraft AS ikkje sleppe minstevassføringskravet på 250 l/s. Vassdraget frå Makkoren til Høgsvatn vil i denne perioden berre få det naturlege tilsiget frå restfeltet nedstraums Norddalsvatn.

Vurdering

Høgsvatnet har ein sjølvrekrutterande aurebestand, og Makkoren er ei viktig gyteelv for auren i Høgsvatnet. Dersom elva vert tørrlagd vil både ungfisk i elva og rogn døy, men fisk kan overleve i kortare periodar i kulpar i elva der det framleis vert vatn. I mai vil det truleg vere snøsmelting, slik at elva vil få ei viss vassføring. Dersom det ikkje er snøsmelting den aktuelle veka, kan eit aktuelt tiltak vere å pumpe vatn over demninga for å sikre overleving av rogn, yngel og annan ferskvassfauna. Aurebestanden i Høgsvatnet er truleg relativt robust, og fråvær av ein årsklasse vil truleg ikkje ha vesentleg innverknad på bestanden i vatnet.

Vest for Makkoren er det registrert eit svært viktig friluftsområde (fylkesatlas.no). Det er også registrert eit friluftsområde nord for Norddalsvatnet. Av omsyn til desse områda er det viktig at arbeidet vert utført skånsamt og at anleggsperioden ikkje vert unødvendig lang. Manglande minstevassføring i ei veke i mai vil ikkje ha avgjerande verknadar på området i forhold til friluftsliv.

Vi er ikkje kjent med at det er kulturminne i området ved Makkoren.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune vurderer at våre ansvarsområde ikkje er til hinder for at tiltaket kan gjennomførast. Ved manglande snøsmelting bør det vurderast om det skal pumpast litt vatn over demninga for å sikre ei viss vassføring og overleving av ferskvassorganismar.

Med helsing

Sveinung Klyve
seniorrådgjevar
INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

John Anton Gladso
seniorrådgjevar
INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Postadresse	Telefon	E-post	Heimeside	EHF-Fakturaadr.	Organisasjonsnr.
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

HØYANGER KOMMUNE

Njøsavegen 2

Postboks 159